22100209

International Baccalaureate®
Baccalauréat International
Bachillerato Internacional

**NORWEGIAN A1 – HIGHER LEVEL – PAPER 1**
**NORVÉGIEN A1 – NIVEAU SUPÉRIEUR – ÉPREUVE 1**
**NORUEGO A1 – NIVEL SUPERIOR – PRUEBA 1**

Thursday 13 May 2010 (afternoon)
Jeudi 13 mai 2010 (après-midi)
Jueves 13 de mayo de 2010 (tarde)

2 hours / 2 heures / 2 horas

---

INSTRUCTIONS TO CANDIDATES

- The Bokmål version is followed by the Nynorsk version.
- Do not open this examination paper until instructed to do so.
- Choose either the Bokmål version or the Nynorsk version.
- Write a commentary on one passage only.

INSTRUCTIONS DESTINÉES AUX CANDIDATS

- La version en Bokmål est suivie de la version en Nynorsk.
- N'ouvrez pas cette épreuve avant d'y être autorisé(e).
- Choisissez ou la version en Bokmål ou la version en Nynorsk.
- Rédigez un commentaire sur un seul des passages.

INSTRUCCIONES PARA LOS ALUMNOS

- La versión en Bokmål es seguida por la versión en Nynorsk.
- No abra esta prueba hasta que se lo autoricen.
- Elija la versión en Bokmål o la versión en Nynorsk.
- Escriba un comentario sobre un solo fragmento.



© International Baccalaureate Organization 2010

https://xtremepape.rs/

https://xtremepape.rs/

NORWEGIAN A1 – BOKMÅL VERSION

NORVÉGIEN A1 – VERSION EN BOKMÅL

NORUEGO A1 – VERSIÓN EN BOKMÅL



https://xtremepape.rs/

*Skriv en kommentar til **én** av de følgende tekstene*:

**1.**

Tommine har alltid visst om Pola og dei seks yngre søstrene hennar. Dei styrer Smøla med snille andlet og pønka hår. Men speisa sveis held ikkje lenge i Bergen. Regnet ramlar frå rommet og legg alt flatt. Bergen blir som bak glas og ramme. Saltet blir vaska av glashuset. Ytene reflekterer byen og vêret omkring. Det er eit bilde på kvar side.

–Vi er heldige som kjem frå same plass. Så blir ikkje alt nytt på ein gong, seier Pola. Tommine hører det som poesi frå permar av pjuskete hår. Panneluggen ligg over auga til Tommine. Ho hører og luktar meir enn ho ser, og byr Pola eit halvt gjennomskinelig drops som er salt og søtt på same tid. Det smakar overnaturleg godt, og så fint som livet kan bli om eit par samarbeider om å skape det. Livet, verda, blir til i tankane, tenker Tommine og ser på bilda på yta til glashuset. Noe er fast. Anna endrar seg heile tida. Bakgrunnen av hus og gater er den same. Men fargen og stemninga skiftar med himmelen eller kva folk som går forbi. Kvart nytt bilde er ein variasjon av det førre. Det liknar klassiske harmoniar.

–Ikkje sant? seier Pola, og knipsar røyken utanfor kaia. Hurtigruta flyttar litt på seg. Den er ei bevegeleg bustadblokk. Sentrum er noen hundre meter unna. Høgre styrer kommunen. Men journalismen rår byen. Avistingaarane går på dei same arrangementa og får eit felles referansegrunnlag som dei står trygt og roleg på.

Elles verkar byen som eit flytande, heile tida større og skiftande rom for tankar. Frå kaia blir byfjella tette. Dei er mørke av væta frå vest. Når ein berre bruker auga, blir Bergen ein isolert by. Når ein bruker andre sansar også, opnar byen seg. Det skjer på kaia: Regndråpane minner om rommet over dei. Den salte lufta riv i nasen og vil snu dei mot sjøen, sjøfart. Færøyane, øyene vestpå. No og då er vinden sterkare frå aust enn frå sjøen. Fjella er bardar* som siler den milde innlandslufta og legg at bod frå austlendingane: Det hugsar Vestlandet og at Statfjordfeltet framleis er samtida sin hovudstad.

Tommine tenker på måtar å komme seg vekk frå byen allereie før ho kjem til sentrum av den: Bergen er byen mellom sju fjell. Men det betyr ikkje at byen har murar.

Bergen er eit glashus midt i eit land av granitt, eit sjøbad mellom sjøar og lauvtre med bilde av tre i kvart blad. Teikningane i blada liknar måten skota står ut mot greinene på. Skota står mot greinene som greinene står mot stamma. Stammene blir til bordkledning som beskyttar dei gamle trehusa:

Bergen er trehus som går over til Løvstakken, er ti tusen tre som ikkje gir frukt, og luft så salt at grensa til sjøen er flytande. Byen er Nordnes, Sydnes, og pingvinar i akvarium så store at kvarts blir det vanlegaste mineralet.

Ein halv million innbyggarar vandrar jamt gjennom byen. Dei verkar urørte av regnet og pålandsvinden. Sjølufta legg ein matt film over glasa i glashuset og får journalistane som jobbar der, til å løfte blikka. Dei ser byen og folk gjennom eit filter av glitrande, reint salt. Stundom lyser bilda. Ofte blir dei skarpe og skremmande og spissar sakane som journalistene skriv. Hamna er alltid underlaget som andre bilde står på. Horisonten held alltid bilda saman.

Taket til glashuset er ein horisont over byen. Tommine følgjer den gjennom Nøstet og mot Nordnes. Skyene samlar seg til ei tett eining. Lyset blir mindre insisterande.

Tommine er like rastlaus.

Mette Karlsvik, *Pol* (2008)

* bard: dikter, skald, sanger



https://xtremepape.rs/

**2.**

**Det er hele tiden noe vi glemmer**

Det er hele tiden noe vi glemmer
Jeg tror det ligger
en rød sorg i en stripe på duken
Jeg tror det står
en blå rose plantet i din iris
Vi kutter den
Vi kutter den ut
Vi kutter oss selv av fra noe
Vi rykker oss selv bort fra noe
Det er noe vi hele tiden glemmer
Åh, for noen rotehuer vi er!
Åh, for noen ordentlige strutser!
Vi prater og prater
og hva gjør vi ikke
for å komme bort fra hverandre
i disse rødrutete dukene
med striper i alle retninger,
i disse hagene
med blå, røde og gule roser
Det er noe, tror jeg,
Det er noe vi hele tiden glemmer
Tror jeg

Cathrine Grøndahl, *Riv ruskende rytmer* (1994)



https://xtremepape.rs/

https://xtremepape.rs/

NORWEGIAN A1 – NYNORSK VERSION

NORVÉGIEN A1 – VERSION EN NYNORSK

NORUEGO A1 – VERSIÓN EN NYNORSK



https://xtremepape.rs/

*Skriv ein kommentar til* ***ein*** *av de følgjande tekstane*:

**1.**

Tommine har alltid visst om Pola og dei seks yngre søstrene hennar. Dei styrer Smøla med snille andlet og pønka hår. Men speisa sveis held ikkje lenge i Bergen. Regnet ramlar frå rommet og legg alt flatt. Bergen blir som bak glas og ramme. Saltet blir vaska av glashuset. Ytene reflekterer byen og vêret omkring. Det er eit bilde på kvar side.

–Vi er heldige som kjem frå same plass. Så blir ikkje alt nytt på ein gong, seier Pola. Tommine hører det som poesi frå permar av pjuskete hår. Panneluggen ligg over auga til Tommine. Ho hører og luktar meir enn ho ser, og byr Pola eit halvt gjennomskinelig drops som er salt og søtt på same tid. Det smakar overnaturleg godt, og så fint som livet kan bli om eit par samarbeider om å skape det. Livet, verda, blir til i tankane, tenker Tommine og ser på bilda på yta til glashuset. Noe er fast. Anna endrar seg heile tida. Bakgrunnen av hus og gater er den same. Men fargen og stemninga skiftar med himmelen eller kva folk som går forbi. Kvart nytt bilde er ein variasjon av det førre. Det liknar klassiske harmoniar.

–Ikkje sant? seier Pola, og knipsar røyken utanfor kaia. Hurtigruta flyttar litt på seg. Den er ei bevegeleg bustadblokk. Sentrum er noen hundre meter unna. Høgre styrer kommunen. Men journalismen rår byen. Avistingaarane går på dei same arrangementa og får eit felles referansegrunnlag som dei står trygt og roleg på.

Elles verkar byen som eit flytande, heile tida større og skiftande rom for tankar. Frå kaia blir byfjella tette. Dei er mørke av væta frå vest. Når ein berre bruker auga, blir Bergen ein isolert by. Når ein bruker andre sansar også, opnar byen seg. Det skjer på kaia: Regndråpane minner om rommet over dei. Den salte lufta riv i nasen og vil snu dei mot sjøen, sjøfart. Færøyane, øyene vestpå. No og då er vinden sterkare frå aust enn frå sjøen. Fjella er bardar* som siler den milde innlandslufta og legg at bod frå austlendingane: Det hugsar Vestlandet og at Statfjordfeltet framleis er samtida sin hovudstad.

Tommine tenker på måtar å komme seg vekk frå byen allereie før ho kjem til sentrum av den: Bergen er byen mellom sju fjell. Men det betyr ikkje at byen har murar.

Bergen er eit glashus midt i eit land av granitt, eit sjøbad mellom sjøar og lauvtre med bilde av tre i kvart blad. Teikningane i blada liknar måten skota står ut mot greinene på. Skota står mot greinene som greinene står mot stamma. Stammene blir til bordkledning som beskyttar dei gamle trehusa:

Bergen er trehus som går over til Løvstakken, er ti tusen tre som ikkje gir frukt, og luft så salt at grensa til sjøen er flytande. Byen er Nordnes, Sydnes, og pingvinar i akvarium så store at kvarts blir det vanlegaste mineralet.

Ein halv million innbyggarar vandrar jamt gjennom byen. Dei verkar urørte av regnet og pålandsvinden. Sjølufta legg ein matt film over glasa i glashuset og får journalistane som jobbar der, til å løfte blikka. Dei ser byen og folk gjennom eit filter av glitrande, reint salt. Stundom lyser bilda. Ofte blir dei skarpe og skremmande og spissar sakane som journalistene skriv. Hamna er alltid underlaget som andre bilde står på. Horisonten held alltid bilda saman.

Taket til glashuset er ein horisont over byen. Tommine følgjer den gjennom Nøstet og mot Nordnes. Skyene samlar seg til ei tett eining. Lyset blir mindre insisterande.

Tommine er like rastlaus.

Mette Karlsvik, *Pol* (2008)

---

* bard: diktar, skald, songar



https://xtremepape.rs/

**2.**

**Det er hele tiden noe vi glemmer**

Det er hele tiden noe vi glemmer
Jeg tror det ligger
en rød sorg i en stripe på duken
Jeg tror det står
en blå rose plantet i din iris
Vi kutter den
Vi kutter den ut
Vi kutter oss selv av fra noe
Vi rykker oss selv bort fra noe
Det er noe vi hele tiden glemmer
Åh, for noen rotehuer vi er!
Åh, for noen ordentlige strutser!
Vi prater og prater
og hva gjør vi ikke
for å komme bort fra hverandre
i disse rødrutete dukene
med striper i alle retninger,
i disse hagene
med blå, røde og gule roser
Det er noe, tror jeg,
Det er noe vi hele tiden glemmer
Tror jeg

Cathrine Grøndahl, *Riv ruskende rytmer* (1994)



https://xtremepape.rs/